

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
058/18	Levekårsutvalet	PS	20.11.2018
	Kommunestyret	PS	
039/18	Ungdomsrådet	PS	14.11.2018
109/18	Formannskapet	PS	22.11.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	17/1525

## Rullering av handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024

### Vedlegg :

Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

### Kommunestyret vedtek følgjande justeringar i Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024, handlingsplan

- Punktet om årleg støtte til administrativ stilling i Lindås idrettsråd vert tatt ut då det pr i dag ikkje er ønskje frå idrettsrådet om å delta i finansiering av ein slik stilling.
- Tiltaket om årleg samhandlingskonferanse for idrett, oppvekst, Salto, Frivilligsentral, ungdomsklubber m fl har ikkje vore gjennomført. Foreslår at det utgår. Samhandling mellom dei ulike aktørane må avklarast som del av organiseringa av Alver kommune
- Det er ikkje avsett midlar til å møte nye krav til gummigranulat i kunstgrasbane i samband med rehabilitering av Knarvik kunstgrasbane. Saka teke opp i samband med økonomiplan våren 2019.
- Avsnitt 10 langtidsprogram – pkt 8, «11ar kunstgras Alversund», endres til «...val av plassering vert gjort i ny kommunedelplan for Knarvik-Alversund»

.....

### **Ungdomsrådet - 039/18**

#### **UR - behandling:**

Orientering v/Robert Lorang Hansen

#### **UR - vedtak:**

Ingen merknader.

### **Levekårsutvalet - 058/18**

#### **LE - behandling:**

##### **Framlegg frå Ø. Moldeklev-Frp:**

Rullering av kommunedelplan blir utsett til neste møte i Levekårsutvalet grunna ubesvarte spørsmål.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **LE - vedtak:**

##### **Uttale i Levekårsutvalet - 20.11.2018:**

Rullering av kommunedelplan blir utsett til neste møte i Levekårsutvalet grunna ubesvarte spørsmål.

### **Formannskapet - 109/18**

#### **FO - behandling:**

Saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FO - vedtak:**

Saka er utsett.

#### **Saksopplysningar:**

##### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet og Ungdomsrådet

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

## Bakgrunn

Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024 vart vedteken i kommunestyret 27. oktober 2016. Regelverket krev at anlegg ein ønskjer å søkja spelemidlar for, skal vera med i handlingsprogrammet i Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv. Handlingsprogrammet i planen må difor rullerast ein gong årleg.

## Vurdering

### Handlingsprogram aktivitetar

#### **9C, pkt 5: Støtte administrativ stilling Lindås idrettsråd** (s. 32 i planen)

Punkt om årleg støtte på kr 25.000 til administrativ stilling for Lindås Idrettsråd. Dette gjeld dekking av inntil 50% av kostnadane av ei stilling knytt til idrettsrådet.

**Forslag:** *Punktet om årleg støtte til administrativ stilling i Lindås idrettsråd vert tatt ut då det pr i dag ikkje er ønskje frå idrettsrådet om å delta i finansiering av ein slik stilling.*

#### **Pkt 9C - pkt 7: Årleg intern samhandlingskonferanse idrett, oppvekst, Salto, Frivilligsentral,**

**Ungdomsklubb m.fl.** (s. 32 i planen)

**Forslag:** *Tiltaket om årleg samhandlingskonferanse for idrett, oppvekst, Salto, Frivilligsentral, ungdomsklubber m fl har ikkje vore gjennomført. Foreslår at det utgår. Samhandling mellom dei ulike aktørane må avklarast som del av organiseringa av Alver kommune*

#### **Pkt 9 D, pkt 11 Handlingsprogram anlegg - Rehabilitering Knarvik kunstgras** (s. 33 i planen)

Rehabilitering av 11ar kunstgras i Knarvik, inkludert fysiske tiltak for å hindra spreing av granulat til naturen, vert flytta til handlingsprogrammet for 2019. Kostnadsramme 4 millionar. Prosjektet vil gje rett til 1 million i spelemidlar.

Miljødirektoratet foreslår ein ny forskrift som skal gjelde frå 01.01.19 for å hindre at mikroplast sprer seg i naturen frå kunstgrasbaner.

**Forslag:** Det er ikkje avsett midlar til å møte nye krav til gummigranulat i kunstgrasbane i samband med rehabilitering av Knarvik kunstgrasbane. Saka teke opp i samband med økonomiplan våren 2019.

#### **Avsnitt 10 langtidsprogram, pkt 8 - 11ar kunst Alversund** (s. 35 i planen)

Setninga under merknadar «plasserast nær ny skule» vert tatt ut og erstatta med «val av plassering vert gjort i ny kommunedelplan for Knarvik-Alversund»

**Forslag:** *Avsnitt 10 langtidsprogram – pkt 8, «11ar kunstgras Alversund», endres til «...val av plassering vert gjort i ny kommunedelplan for Knarvik-Alversund»*

.....

